



Olav Soltveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/528 - 16/8480

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

21.06.2016

Klage på tildeling av hjorteløyve 2016 - vedtak

Bogno vald

Delegasjonssak nr.:

Saksutgreiing:

Me viser til klage motteke 20.06.2016

Det er klaget på vedtak om tildeling av hjorteløyver for Radøy kommune 2016, dagsett 15.06.2016. Det er valdleiar i Bogno vald som klager på vedtak om ein tildeling på 0 dyr for 2016.

Bakgrunnen for vedtaket 15.06.2016 var at Bogno vald med 566 daa telljande areal og ein tildeling på mellom 750 og 850 daa per dyr gir 0,6-0,75 dyr per år. Det vil sei at om lag kvart fjerde eller femte år vil ikkje Bogno få tildelt vald. Tildelinga i 2016 var ein utjevning og Bogno vert ikkje tildelt dyr.

I klagen legges det frem at det er mykje flott på Bogno og at det i år vil jakes aktivt i forhold til tidligare år.

Vurdering:

Målet til Radøy kommune er å ha ein optimalisert hjorteforvaltning der ein tek omsyn til hjortebestanden sin storleik slik at den er til glede for flest moglege samstundes som skadeomfanget på eng og skog er til å leva med for dei som driv gard i kommunen. Det er i 2016 ingen teikn på at hjortestammen er i større nedgang enn ønska og tildeling av ett dyr på Bogno vil ikkje få store konsekvenser på bestanden. Diverre vil ikkje felling av ein hjort gjøre store utslag for flått mengden heller. Rydding av gras og busker (brakka) er meir effektive tiltak der ein ferdes.

Det har ikkje vore felt dyr på Bogno dei siste 3 åra og landbrukskontoret ser positivt på at valdet går inn i ein meir aktiv forvalter rolle.

Vedtak:

Bogno vald tildeles 1 felleingsløyve for hjort for jakta 2016.
 For Radøy kommune tildeles da 196 fellingsløyver for hjort 2016.
 Løyvene fordeles slik:

Vald	Vald ID	Kalv	Spissbuk	Hunndyr	Hanndyr	Frie dyr	I alt
Gjerde	1260V0002	1	0	1	0	0	2
Søre Radøy Grunneigarlag	1260V0004	3	3	3	2	0	11
Marøy	1260V0005	1	1	1	1	0	4
Radøy Nord	1260V0006	6	4	5	4	0	19
Storheim/Tjore grunneigarlag	1260V0007	1	0	1	0	0	2
Pletten	1260V0008	2	1	2	1	0	6
Skjelvik/Valdersnes	1260V0009	1	1	1	1	0	4
Grindheim	1260V0010	2	1	1	1	0	5
Kvalheim	1260V0011	1	0	1	1	0	3
Ystebø	1260V0012	2	2	2	1	0	7
Radøy Midtre	1260V0013	6	4	7	4	0	21
Manger grunneigarlag	1260V0014	12	9	12	8	0	41
Haukeland/vetås	1260V0015	0	1	1	0	0	2
Nordangervågen	1260V0016	11	6	6	10	0	33
Bø	1260V0017	1	1	1	1	0	4
Sæbø, Kvamme	1260V0018	1	1	2	1	0	5
Toska	1260V0019	2	1	2	1	0	6
Askeland	1260V0021	2	1	2	1	0	6
Vestvaldet	1260V0022	4	3	4	3	0	14
Bogno	1260V0023	0	1	0	0	0	1

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kristine Skaiaa Born
 rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Olav Soltveit